



Dansk jazzvokalist, Kira Martini m/ band, i Dønhaugkjedlaren fredag 9. mars.

**Neste fredag, 9 mars, er det klart for ny jazzkveld i Dønhaugkjedlaren med Husnes Jazzklubb som tilskipar. Grappa e den kjende danske Kira Martini Group med Kira Martini som vokalist og eit tremanns band. Musikken er inspirert av New-Orleans musikk blanda med brasilianske rytmer.**

Kira Martini er ein markert dansk jazzartist som framfører ein varm og variert vokaljazz. Ho syng alt frå gamle folkeviser til svingande jazz i brasilianske rytmer og såkalla New-Orleans beats. Ein vil og få høyra originale komposisjonar av Kira Martini.

Bandet er godt kjend i det danske jazzmiljøet. Mads Sødergård spelar på klaver, Morten Ærø trommer og Joe Illerhag på bass.

Dønhaugkjedlaren er ein god og etter kvart mykje brukt arena for jazzkveldar. Plassen er intim og har eit interiør slik ein pub på landsbygda skal vera.

Teksten er omskriven frå pressemelding.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Med løyve frå arrangøren